

PROTOKOLL
MØTE I NORDHORDLANDSTINGET

Møte:	1-2017
Tid:	Mandag 15. mai 2017 kl. 17:00 - 20:15 (middag 16:00-17:00)
Stad:	Dampen, Knarvik
Møteleiar	Rune Heradstveit
Deltakarar	Formannskapa i eigarkommunane

Tema - kommunestruktur og samanslåing

1.	17:00	Opning og velkomen til Nordhordlandstinget. Regionrådsleiar Karstein Totland ønskte velkomen til Nordhordlandstinget.
2.	17:10	Kort informasjon om oppstart av Interkommunal plan for akvakultur i Region Nordhordland (vedlegg) Dagleg leiar Rune Heradstveit informerte kort om oppstart av arbeidet med å få på plass ein Interkommunal plan for akvakultur (havbruk) i Region Nordhordland. Det er store ambisjonar om vekst innan akvakultur, både av laks og anna, noko som gir auka press på areala i sjøen. Det er mange interessernår det gjeld havbruk; naturmangfald, villaks/sjøøret, friluftsliv, samferdsel, forureining og luseproblematikk, behov for meir oppdrett, anna sjøbasert næring. Det er mange offentlege interesser som har sine regelverk å ivareta som Fylkesmann, Fylkeskommunen, Mattilsynet, Fiskeridirektoratet m.v. Kommunegrensene ikkje naturlege grenser (finnest ikkje grenser under vatn) derfor har Regionrådet ønskt å få til ein interkommunal plan for sjøområda (akvakultur). Dette synest Fylkesmannen er svært fornuftig og har derfor gått inn og bevilga skjønsmidlar. Målet er å få til god forvaltning av sjøområda og å få ein berekraftig vekst av næring som skal nytta sjøområda. Planen må vera for framtida – og ta innover seg innovativ utvikling. Det er særst viktig at planen vert forankra i Plan og bygningsloven, dette betyr at arbeidet og planen må forankrast tydeleg i kvar enkelt kommune og at kommunane har eigarskap til planarbeidet. Ein håpar å få til vedtak i kvart kommunestyre om oppstart tidleg haust 2017, og at endeleg plan vert vedteke i kommunestyret i 2020.
3.	17:15	Region Nordhordland Helsehus. Status for byggjeprojektet (vedlegg) Styreleiar Håkon Matre og dagleg leiar Rune Heradstveit informerte om status for arbeidet med helsehusprosjektet. Håkon Matre sa fyrst litt om historia og bakgrunnen tilbake til 2004 og fram til 2014 då vedtak om å byggja helsehus kom på plass. Eit særst viktig moment var å få Helse Bergen til å sjå nordover – og å få fleire spesialisthelesetenester til Nordhordland. Alternativet hadde fort vorte at dette vart etablert i Åsane. Det var eit sterkt ønske om og behov for meir

samarbeid på tvers av kommunane og med sjukehusa. Saka har vore grundig handsama i både Regionrådet og Helseutvalet i regionen, og då samhandlingsreforma kom, forsterka dette både behovet for – og ynskje om - å få på plass eit lokalmedisinsk senter, eller helsehus som ein seinare har brukt som namn. Det vart så gjennomført utgreiingsprosjekt med konsekvensutgreiing, interessentanalyse og vurdering av ulike løysingar og modellar for samlokalisering. I 2014 beslutta alle kommunane at regionen skulle byggja helsehus, og Region Nordhordland Helsehus IKS vart etter kvart etablert.

Både frå politisk og fagleg hald er det semje om at Helsehuset vil bli ein viktig arena for å samla og styrka eksisterande gode fagmiljø og tenester, og at ei slik samlokalisering er framtidsretta. Helsehuset vil bli ein viktig arena for kompetansebygging, utvikling og rekruttering i tråd med nasjonale og lokale helsepolitiske føringar.

Rune Heradstveit gjorde greie for status for prosjektet. Sweco Norge AS vart i desember 2014 kontrahert til prosjektleiing, og vår / sommar 2015 vart LINK arkitektur AS kontrahert som arkitekt og Cowi AS som rådgjevande ingeniør. Det har etter kvart blitt forseinkingar i prosjektet som skuldast fleire forhold, bl.a. å få på plass mange avklaringar i forhold til områdeplanen for Knarvik som vart godkjent sommaren 2015, arbeidet med utbyggingsavtale og at brukarprosessane har vore særskildt grundige og at dette er eit brukarbestilt (leigetakarbestilt)bygg der ein har gått fleire rundar med endringar og revisjonar ut i frå krav frå brukarane.

Skisseprosjekt vart lagt fram og handsama i desember 2015. Byggherre ønskte å få betre arealutnytting, fleire parkeringsplassar, kostnadsreduksjonen m.m. Nytt revidert skisseprosjekt vart lagt fram i juni 2016. Grunna vedtak om kommunesamanslåing vart det bestemt å endra litt på innhaldet, det betydde nytt revidert skisseprosjekt i oktober 2016. Anne Hildegunn Færøy sa kort litt om brukarprosessen som har lagt vekt på å finna dei gode og framtidsretta løysingane og presenterte etasje for etasje og fordeling av areal i bygget:

- u. etg. – parkeringskjellar og tekniske rom
- 1. etg. – legevakt, ambulanse, fysio- og ergoterapi, kantine/kafé og apotek
- 2. etg. – dialyse, hudpoliklinikk, legespesialister og fastlegar
- 3. etg. – helsestasjon, PPT og tannklinikk
- 4. etg. – barnevern, psykisk helsevern for barn og unge (BUP)
- 5. etg. – vaksen psykiatrisk poliklinikk (VOP), psykisk helsevern/rus for vaksne
- 6. etg. – felles møterom/konferanseavdeling

Forprosjekt vart levert 31. mars 2017 og etter det er det gjennomført ei usikkerheitsanalyse på forprosjektet og kalkulasjonen. Hensikt er å identifisere dei mest usikre forholda, etablera eit mest mogeleg realistisk kostnadsoverslag, og å få ein oversikt over kor mykje ein må finansiera opp.

Ein har utnytta det potensialet som områdeplanen og tomta gir rom for, bygget er fullt og brukarane har fått det arealet dei ønskjer / har bestilt. Prosjekt står no fram som svært gjennomknadd og brukarorientert. Målet i prosessen har vore å få til eit best mogeleg og effektivt bygg for leigetakarane og det å utnytta grunnkostnadane best mogeleg gir billigast leigekostnad (pris / pr./m²).

Bygget er på 13 230 kvm BTA + underetasje på 3 594 kvm BTA = 16 824 kvm BTA. Kalkylen er på kr 664 mill. Med usikkerheitsanalyse er forventa kostnad kr 719 mill. Av dette får ein refundert mva på kr 86 mill. og tilskott frå Husbanken på kr 10 mill. Netto forventa kostnad er kr 623 mill.

Med grunnlag i netto forventa kostnad og ein forseinking i refusjon av mva og tilskott frå

		<p>Husbanken ser selskapet det som naudsynt å ha ei låneramme på kr 640 mill.</p> <p>Det er 190 mill. kr høgare enn det som er signalisert tidlegare og det skuldast m.a. følgjande:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Tidlegare anslått låneramme var i 2014-kroner utan at det låg skisseprosjekt / forprosjekt til grunn ▪ Usikkerheitstillegg var ikkje rekna med (den er på kr 55 mill.) ▪ Kortsiktig likviditet grunna mva på kr 17 mill. var ikkje med ▪ Bygget har auka med noko over 700 m2 ▪ Krava i TEK 10 og TEK 17 gir auka kostnader ▪ Mykje teknisk krevjande areal (ambulans, legevakt, ØHD, tannlege, dialyse, lydette behandlar kontor). Dette er ikkje eit kontorbygg ▪ Leigetakarane sine krav i brukarprosessen ▪ Kostnadar med utbyggingsavtale ▪ Prosjektet har blitt forsinka – prisauke ▪ Bygget er blitt større, og det er dermed meir areal å fordela kostnadane på <p>Når det gjeld finansiering så låner selskapet i Kommunalbanken. Det er serielån og dagens re rente er 1,65%. Lånekostnadane skal finansierast av leigetakarane i bygget, og leigeavtale tar utgangspunkt i 2,2% rente og opererer med 20 års leigeavtale. Leigeavtalen har vore jobba med over lang tid og ligg no hos leigetakarane til godkjenning.</p> <p>Tentativ plan vidare:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Anbudsgrunnlag er under utarbeiding ▪ Få leigeavtalar godkjent hos leigetakarane ▪ Endeleg vedtak om lånerammer og realisering av helehuset til handsaming i eigarkommunane i mai/juni 2017 ▪ Anbud ut før sommar / like etter sommar ▪ Utbyggingsavtale august 2017 ▪ anbudsfasen og evaluering haust 2017 ▪ Kontrahering av Totalentreprenør november / desember 2017 ▪ Byggjestart om april 2018 ▪ Ferdigstilling av bygg 2020
4.	18:10	<p>Unesco Nordhordland Biosfæreområde</p> <p>Introduksjon. Jon Askeland, ordførar i Radøy og leiar av styringsgruppa i biosfæreprosjektet gav ei kort innleiing om biosfæreprosjektet og utvikling av lokalsamfunnet. Regionen er no i ferd med å fullføra søknaden om å bli eit biosfæreområde – og med det å bli Norge sitt første UNESCO Biosfæreområde. Han understreka sterkt at dette ikkje er eit verneprogram, men eit utviklingsprogram som handlar om berekraftig samfunnsutvikling. Kva me oppnår lokalt er opp til oss sjølve, men det er viktig at me tek eit leiaransvar – og er tydeleg på kva me ønskjer å bli kjent for. Regionen har ein samarbeidsavtale med Universitetet i Bergen (UIB) og dei bidreg sterkt inn i prosjektet.</p> <p>Kva erfaringar har biosfæreområda i Sverige? (vedlegg)</p> <p>Johanna MacTaggart, nasjonal koordinator for biosfæreprogrammet i Sverige, orienterte om biosfæreprogrammet og biosfæreområda sin betydning i Sverige. Ho la vekt på å ha frivillige biosfæreambassadører og at biosfæreområda er med å viser korleis ein skal levera i forhold til FN sine mål om bærekraft.</p> <p>Presentasjon av arbeidet med Unesco Nordhordland Biosfæreområde (vedlegg)</p> <p>Prosjektleiar Kari Evensen Natland og prosjektmedarbeidar Peter Emil Kaland presenterte status for arbeidet med søknaden og kva statusen kan bety for Nordhordland. Vidare at</p>

programmet er ein god paraply for ulike prosjekt ein elles gjennomfører i regionen. Det er viktig å få ei felles forståing av kva Nordhordland står for - og å kunne bruka dette som ei framtidsretta merkevare.

I dette programmet vert ei del av eit stort internasjonalt nettverk som regionen kan dra nytte av og også tilføre vår kunnskap.

Dei fortalte vidare om UiB sitt engasjement i prosjektet og at UIB har oppretta to UNESCO professorat knyt til dette arbeidet. Inger Måren som er ein av dei, var til stades og presenterte seg sjølv. Ho skal leia ei gruppe med 5 forskarar frå ulike fakultet innan UIB. Gruppa skal initiera forskarprosjekt og koordinera forskning innan biosfæreområdet; både grunnforskning og anvendt forskning.

Kaland orienterte om arbeidet med kjerneområde, buffersone, og utviklingssone og presiserte at ingen nye lover og reglar trer i kraft i eit biosfæreområde. Råderett over land og vatn vert ikkje endra. Statusen fører ikkje til oppretting av nye verneområde og heller ikkje til restriksjonar på innbyggjarane sine juridiske rettar.

Kari Natland sa litt om prosjekt innunder biosfæresatsinga:

- Heilskapleg landskapsforvaltning i Nordhordland
- «Smaken av Nordhordland» - ei lokalmatsatsing
- NPA-prosjekt om berekraftig turisme
- Klyngeutvikling for norsk ull i Nordhordland
- Jordmassehandtering

Det er ulikt korleis biosfæreområda rundt om i verda er organisert og finansiert. Styringsgruppa, saman med prosjektgruppa, har i gong arbeid som skal leie fram til forslag til dette. Me må vera pragmatiske og finna ein modell som ikkje låser oss til ein organisasjonsform som me kanskje ikkje vil vera tent med på sikt. Organiseringa må sjåast i relasjon til biosfæreområdet sin funksjon.

Når det gjeld finansiering har ikkje Regjeringa tatt stilling til korleis ein skal finansiera driftskostnadene til biosfæreområda i framtida. Nordhordland må gjera eit politisk arbeid for å sikra statleg finansiering til Biosfæreområda. Verdsarvområda får stor offentleg stønad. Ein kan tenke seg ulike finansieringsmodellar som spleiselag mellom kommunane, næringsliv, forskarmiljø og styresmaktene, medlemsavgift.

Status og vidare arbeid er:

- Februar 2015. Forstudien vart signert og sendt til MAB-komiteen, den er forankra i 10 kommunar og støtta av Fylkesmannen og HFK
- Juni 2015. Den norske MAB-komiteen vart etablert og hadde første møte i november
- Februar 2015 – hausten 2017. Arbeid med presøknad, hovudsøknad (planarbeid, sonering, geografisk avgrensing, skildring, dialogplattform, konkrete prosjekt med arbeidsgrupper)
- Handsaming i kommunestyra
- Årsskifte 2017 / 2018. Hovudsøknad vert sendt til den norske Regjeringa.
- September 2018. Regjeringa nominerer Nordhordland Biosfæreområde til UNESCO.
- Juni 2019. UNESCO MAB, ICC utnemner Nordhordland Biosfæreområde.

		<p>Spørsmål og dialog med formannskapsmedlemmene</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Lurefjorden og verneområde og buffersone – gir det nokon avgrensingar? Svar: Det er EU sitt vanndirektiv som vil bestemme det. Fjorden blir verna av andre krav (biosfæreområda genererer ikkje vernekrav) og biosfæreområdet nyttar det derfor som buffersone ▪ Dette med vern og vernesone er framleis uklart? Svar: Det er krav frå Unesco om å ha verneområde i biosfæreområda, men me brukar kun dei som allereie er verna – biosfæreområdet generer ikkje nye krav. Karstein Totland kommenterte her at lovpålagt Vassdirektiv krev at det skal vera god vasskvalitet i elvane før dei renn ut Har kulturforvaltninga vist interesse for arbeidet? Til dømes arkitektur i stein Svar: Det er meldt inn til fylkeskommunen. ▪ Renovasjon – korleis handtere avfallet lokalt? Kan ein nytta biosfæreprosjektet som eit verkemiddel. Kan ein jobba fram berekraftige løysingar? ▪ Er skulane involvert? Svar: Prosjektet har litt planar. Ungdomsforum for Biosfære – det kan vera aktuelt å senda ungdom frå Nordhordland. Skal jobba med barn og unge i det vidare prosjektet. ▪ Det er eit viktig spor å følgja vidare å bruka barn og unge som ambassadørar. ▪ Finansieringa må vera langsiktig og stabil – kor mykje treng me? Kva departement skal me henvenda oss til? Kva summar snakkar ein om? Svar: Det vert jobba med å sjå på korleis organiseringa m.v. skal vera? Det er litt opp til oss korleis det skal skje. I Sverige får alle biosfæreområda 400 000 frå Naturgårdsverket – men skal maks. utgjera 50 % av finansieringa. ▪ Det at Nordhordland er først ute, bør gje oss ein fordel overfor departement, t.d. Kunnskapsdepartementet og Miljøverndepartementet ▪ Hadde det vore ein ide å bytta ut ordet bærekraft med haldbarheit som dei brukar i Sverige? ▪ Ein bør sjå på samarbeid med næringslivet – t.d. inkubator. Har Sverige med seg næringslivet? Svar: Næringslivet er med som sponsor og bestiller også prosjekt <p>Informasjon om prosjektet: http://www.nordhordlandbiosphere.no/</p>
5.	20:10	<p>Avslutning. Regionrådsleiar Karstein Totland avslutta med å takka innleiarar og deltakarar for møtet og ønskte vel heim!</p>

Knarvik, 31. mai 2017

Karstein Totland

Karstein Totland
Leiar
Regionrådet Nordhordland

Rune Heradstveit

Rune Heradstveit
Dagleg leiar
Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Vedlegg:

Deltakarliste Nordhordlandsting 15. juni 2017

Presentasjonane og programmet på Nordhordlandstinget